

## Saksfremlegg

### Sak 8 d - Innkomne saker - Endring av medlemskontingent for fartøy under 15 meter LOA

Medlemskontingensten er 10 000 kr per fartøy per år. Medlemskontingensten har vore uendra sidan Pelagisk Forening blei stifta i 2011. Medlemskontingensten er den same for alle fartøy, uavhengig av storleik eller omsetning.

Styret har fått innspel om at medlemskontingensten er relativt høg for medlemsfartøy under 15 meter. Dette sett i høve til kvotegrunnlag og omsetning. Fleire av reiarlaga med båtar under 15 meter har òg eit driftsmönster der dei brukar fleire fartøy når dei fiskar. Enkelte reiarlag vil såleis betala fleire kontingent for fleire fartøy. Medlemskontingensten kan difor opplevast som høg samanlikna med større fartøy med vesentleg større omsetning, men som fiskar med eit fartøy.

Vedtekten § 10, pkt. 11 seier at «I ordinære representantskapsmøter behandles ... Fastsettelse av medlemskontingent til foreningen.»

Eventuell endring, av medlemskontingent, må difor vedtakast av representantskapet.